



## Markenskonserteren 2. Mars 2012

### Dei Beste Damene



*er hardingfelespelarane Anne Hytta, Synnøve S. Bjørset og Åse Teigland.*

*Dei Beste Damene strammar bogehår, pussar feler og gjer seg klare for konsert på KongsbergMarken 2011.*

*Med platepris i lomma frå Folkelarmprisen i klassa for soloutgjevingar 2011kommer dei for å spele konsert. Med ei mengd ulike felestille (scordatura), dei svært ulike temperamenta i spelet til dei tre damene og slåttar som svingar på mange dalars ulike vis, vert dette konsertar som også dei som ikkje er spesielt innvigde i hardingfele-tradisjonen kan få stort utbytte av.*

*Slåttespel av ypparste merke frå Sunnfjord, Telemark og Hardanger er det publikum kan vente seg når Dei Beste Damene møtest på scena. Åse Teigland, Anne Hytta og Synnøve S. Bjørset formidlar eit stort mangfald av klangfargar, rytmikk og musikalske uttrykk, og det er entusiasmen og lidenskapen for den tradisjonelle hardingfelemusikken som har ført dei saman på scena*

*Hovudsakleg vil konserten bestå av slåttar spela vekselvis av Teigland, Hytta og Bjørset, men to eller tre spor vil vise krafta ein får ut av tre feler og tre musikarar som spelar med lik vilje mot same mål. Det har heile tida vore viktig for konsertprosjektet å bruke ulike felestille/scordatura, det vil seie at vi stemmer felene på ulike måtar. Slik skifter det tonale senteret, og ein får fram andre klangar og harmoniar, noko som skaper variasjon og dynamikk i ein konsert.*

**Synnøve S. Bjørset** frå Jølster i Sogn og Fjordane er frilansmusikar med folkemusikk som virkeområde. Bjørset har hatt tradisjonell hardingfeleopplæring ved blant andre Håkon Høgemo, og har ein 4-årig bachelor i utøving frå Norges Musikkhøgskole. I 2001 gav ho ut debutplata "Ram" (Norcd) og fulgte opp med "Slåttar" (ta:lik) i 2009. Med "Slåttar" vart ho nominert til Spellemannprisen. Bjørset er også kjent frå gruppa Majorstuen som gav ut si fjerde plate i 2010.

*Eg søker kjensla av å oppdage det store i det vesle, styrken i det enkle. Verda som opnar seg i det ein dreg store linjer over små linjer, justerer og varierer, og set saman på nytt. Då ligg slåttane der klare til å bli utforska og formidla gjennom den musikalske augneblinken akkurat der. Og då (Synnøve S. Bjørset).*

**Anne Hytta** frå Sauland i Telemark, busett i Oslo, er frilansmusikar og komponist. Hovedlæremeisterar er Einar Løndal og Knut Buen. I 2006 mottok ho Folkelarm-prisen for beste soloplate med debutplata "dag, kveld, natt". I tillegg til å vere hardingfelesolist lagar Hytta musikk for mellom anna trioen Slagr, der ho også er utøvar. I 2008 skreiv ho tingingsverket *straum, stille* for Osafestivalen. Verket vart utgjeve på plate i februar 2011.

*Den ru, intense og fylldige klangen i hardingfela har alltid tiltalt meg, og eg starta å spele som 11-åring. Slåttespel slik eg har lært det, har strengt definerte rammer. Men der ligg ein fridom på det meir minimalistiske planet i å variere motiv og å fargelegge med ornamentikk, og eg trur det er desse elementa som har gjort at slåttespelet kjennast som ei naturleg musikalsk uttrykksform for meg (Anne Hytta).*

**Åse Teigland** frå Utne i Hardanger, busett i Bergen, vart den første kvinnelege hardingfelespelaren som vann førsteplassen i eliteklassa/hardingfele på Landskappleiken i 2005. Ho arbeider i dag som frilansmusikar. Åse Teigland har studert ved Høgskulen i Telemark og på Ole Bull akademiet. I 1998 kom debutplata "Dansarsteinen", og sidan har ho vore med på ei rekke plateinnspelningar. Den kritikarroste soloplate "Stille" kom i 2008.

*Det energiske, vare, dramatiske, lyriske som slåttemusikken innbyr til – der det alltid er noko nytt å oppdaga, noko annleis å henta - ein liten variasjon med stor meining, eit strøk, ei frase og du har noko anna enn forrige gong. Kjeldene er uendelege, instrumentet har alltid meir inne enn eg klarar å få ut. Det er det som driv meg – å søkja lenger (Åse Teigland).*